



**PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTET I OLAV SLETTO-SELISKAPET,
FREDAG 21. APRIL 2017 KL. 1800 – 2030**

VIKA VELFERDSSENTER, HOL

Referent: Grethe Larsgard Rudningen

	Eva Almhjell ynskta velkomen. Arne Skogheim las minneord over avlidne, tidlegare styremedlem i Olav Sletto-selskapet, Kåre Olav Solhjell.	Eit minutt stillheit.
1.	Årsmøtesaker. Saker til årsmøtet måtte vera meldt til styret seinast 30. mars 2017 – ingen saker meldt utan styrets forslag til vedtekstendringar – sjå pkt. 9.	Vedtak/oppfølging/ansvar
2.	Val av ordstyrar	Eva Almhjell vald.
3.	Opptelling av talet på møtedeltakarar med stemmerett og fullmakter	18
4.	Godkjenning av innkalling og saksliste	Godkjent av årsmøtet.
5.	Val av to personar til å skrive under årsmøteprotokollen	Eva Cecilie Skaarberg og Grethe Nestegard vald.
6.	Årsmelding 1.1.-2016 -31.12.2016 – omdelt i møtet og publisert på nett etter årsmøtet	Årsmelding 2016 godkjent av årsmøtet.
7.	Årsrekneskap 2016 (med eit lite overskot) - omdelt i møtet. Herunder: Årsmøtet vart orientert om eit tilbud frå forlaget Boksmia om å la leiaren i Olav Sletto-selskapet (OSS), Eva Almhjell overta Boksmia sin del av salsinntektene av bøkene Per Gjetar og Anne Sletto-boka, jf. avtale mellom Boksmia og OSS av 7.5.2014 (Per Gjetar) og 15.3.2015 (Anne –boka). Styret (minus Eva Almhjell, som var inhabil) behandla saka i styremøte 10.10. og 16.11.2016, og takka ja til dette tilbudet. NB! Denne delen går ikkje på overskotet av salet, jf. bokavtale med Olav Slettos arvingar (brev av 10.1.2014). Årsmøtet fann Boksmia sitt tilbud raust og var takksam for det. Kasserar viste til at revisormerknad om at faktura for private utlegg må påførast namn på deltakarar, vil bli tatt til følge.	Årsrekneskap 2016 samrøystes godkjent. Årsmøtet ga si fulle støtte til styrets vedtak om å takke ja til Boksmias tilbud/gave, og ba styret sende stor takk frå årsmøtet til Boksmia. Årsmeldinga skal heretter følgje rekneskapen til revisorane.
8.	Årshefte 2017 - omdelt i møtet	Årsmøtet godkjente samrøystes Årshefte 2017.
9.	Innkomne forslag Styret foreslår endring av § 2, 5, 7 og 9 i vedtektene. § 2. Føremål Føremålet med selskapet er å styrke interessa for Olav Sletto sitt liv og diktning. Dette kan gjerast m.a. ved: <ul style="list-style-type: none">• å sjå til at Olav Sletto sine bøker vert gjort tilgjengeleg for ålmenta• å leggja til rette for auka bruk av Olav Sletto sin litteratur i skuleverket• å medverka til at lydopptak med Olav Sletto vert teke vare på og nytta• å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren sitt liv og hans produksjon diktning• å arrangera foredrag, seminar, kurs og ekskursjonar m.v.• å ta vare på og utvikla Sletto-samlinga i Holet bibliotek• å leggja til rette for systematisering og forskning med grunnlag i Olav Sletto sine etterlatne manuskript, brev m.v. <i>Grunngjeving: Ordlyden blir i samsvar med den praksis selskapet har hatt under noverande leiarskap.</i>	Årsmøtet vedtok samrøystes styrets endringsforslag og meinte dei var nødvendige og gode for å bringe samsvar mellom vedtekter og eksisterande praksis i selskapet.

§ 2. Føremål – prikkpunkt 4 lyder etter dette:

- **å arbeida for at det blir gjeve ut publikasjonar om kunstnaren sitt liv og diktning.**

§ 5. Rekneskap

Rekneskapen skal førast av **vald rekneskapsførar, Leiar** ~~Fungerande nestleiar~~/kasserar attesterer alle utgiftsbilag. **Leiar** ~~Nestleiar~~/kasserar har prokura og underteiknar.

Grunngjeving: Ordlyden rettar seg etter praksis vedtatt av årsmøtet 2016.

§ 5. Rekneskap lyder etter dette (endringar i halvfeit tekst):

Rekneskapen skal førast av **kasserar. Leiar**/kasserar attesterer alle utgiftsbilag. **Leiar**/kasserar har prokura og underteiknar.

§ 7. Årsmøtet

Årsmøtet skal haldast i løpet av fyrste halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan **og vedtektsendringar. Årsmøtet vel styremedlemmer, leiar og revisorar. Styret konstituerer ellers seg sjølv.** Saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera styret i hende **3 veker** ~~14 dagar~~ før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.

Grunngjeving: Frist for innsending av forslag til årsmøtet utvidast med ei veke for å gje styret betre tid til å behandle evt. saker. Val flyttast (frå § 9) til § 7 fordi det høyrer sakleg heime under denne paragrafen.

§ 7. Årsmøtet lyder etter dette (endringar i halvfeit tekst):

Årsmøtet skal haldast i løpet av fyrste halvår. Årsmøtet handsamar årsmelding og rekneskap, arbeidsplan **og vedtektsendringar. Årsmøtet vel styremedlemmer, leiar og revisorar. Styret konstituerer ellers seg sjølv.** Saker som skal takast opp på årsmøtet, må vera styret i hende **3 veker** før. Årsmøtet skal kallast inn med minst 1 månads varsel. Kvar årsmøtedeltakar har 1 stemme.

§ 9. VEDTEKTSENDRINGAR.

Framlegg til endring av vedtektene skal sendast styret seinast 4 veker før årsmøtet. Gyldig vedtak kan fattast på ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal. ~~Årsmøtet vel styre-medlemmer og leiar i selskapet. Styret konstituerer ellers seg sjølv.~~ **(Flyttes til § 7).**

§ 9. Vedtektsendringar lyder etter dette:

Framlegg til endring av vedtektene skal sendast styret seinast 4 veker før årsmøtet. Gyldig vedtak kan fattast på ordinært årsmøte med 2/3 fleirtal.

10. Val – innstilling frå valnemnda

Valnemnda – sjå under

Samansetninga i 2016 har vore:

Funksjon	Namn	Valperiode
Leiar	Eva Almhjell	på val 2017
Nestleiar	Grethe Larsgard Rudningen	på val 2017
Styremedlem	Margarethe L'orange	2016 - 2018
Styremedlem	Maria Sønndrål	2016 - 2018
Styremedlem	Odd Oleivsgard (vararep. som overtok for Sønnev Skrede)	på val 2017
	Valnemnda foreslo Inger Grostølen etter Odd Oleivsgard	

Årsmøtet godkjente og vedtok samrøystes dei forslaga som valnemnda la fram.

Varamedlemmer	Eva Cecilie Sletto Valnemnda foreslo Turid Birgit Lien som nytt varamedlem for Eva Cecilie Sletto Inger Grostølen Valnemnda foreslo Kjell Snerte som nytt varamedlem etter Inger Grostølen Per Lilleslett	på val 2017 2016 – 2018 2016 - 2018	
Valnemnd:	Brit Kaupang Oddvar Reinton Oddvar Reinton tok attval	2016 – 2018 på val 2017	
Etter valet i 2017 ser samansetninga slik ut:			
Styret			Etter valet orienterte leiar årsmøtet om at styret byggjer opp ei ressurs-gruppe av folk med forsknings- og annan nyttig kompetanse for Olav Sletto-selskapet. Årsmøtet var nøgd med dette. Leiar takka valnemnda for arbeidet. Ho takka avtroppande styremedlem Odd Olveisgard for godt samarbeid, ynskte dei nye i styret og varamedlemmer velkomne, og takka tilslutt for årsmøtets tillit til seg og styret.
Funksjon	Namn	Periode	
Leiar	Eva Almhjell (attvald)	2017-2019	
Nestleiar	Grethe Larsgard Rudningen (attvald)	2017-2019	
Styremedlem	Margarethe L'orange	2016-2018	
Styremedlem	Maria Søndrål	2016-2018	
Styremedlem	Inger Grostølen (nyvald)	2017-2019	
Varamedlemmer	Per Lilleslett Turid Birgit Lien (nyvald) Kjell Snerte (nyvald)	2016-2018 2017-2019 2017-2019	
Valnemd	Brit Kaupang Oddvar Reinton (attvald)	2016-2018 2017-2019	
Revisorar	Rangdi Skorve Borgny Thorsrud	2016-2018 2016-2018	
Kasserar	Ola Ruud (tilknytt styret – ikkje vald av årsmøtet)		

Hol, 5. mai 2017.


Eva Cecilie Skaarberg


Grethe Nestegard